


TEMA: Byggjeskikken ①115, Bønder og busetnad ①37
Kulturminne og kulturlandskap ①5

Havrå

I det solrike, brattlendte fjordlandskapet langs Sørfjorden på austsida av Osterøy ligg garden HAVRÅ. Den vesle «landsbyen» er eitt av dei få uskipla gardsmiljøa som viser oss biletet av dei store fellestuna i Vest-Noreg på 1700-talet, med tettbygde tun og teigdelte innmark.



Kart over teigdelinga på Havrå kring 1906.

MJELDDALEN

Den breie, austvende MJELDDALEN opp frå fjorden ved Haus er det rikaste jordbruksområdet på Osterøy. Mjeldegardane er mellom dei eldste på øya og ber alle kjenneteikn på ein gammal storgard. Her var det sete for leidangen og seinare tingstad for Mjelde skippreide. Her vart kyrkja bygd, og Mjeldegardane har vore både kongegods og kyrkjegods før dei kom i bondeieige. Langt dei fleste av dei husmennene som fanst på Osterøy, var samla kring desse gardane. Frå mellomalderen var Mjelde eit eige kyrkjesokn, under Haus prestegjeld. I Mjelddalen var det kyrkje fram til siste halvdel av 1800-talet.

Havrå og innmarka opp til bøgarden.

Havrå har truleg samanheng med det gammalnorske «hafri», som tyder «bukke». Det er lett å tru at Havrå har vore ein skinn gard med ei mager utkome. Men slik er det ikkje. Havrå er ein god gard, med stor utmark. To øydegardar oppe i lia ovanfor tunet kom inn under Havrå, truleg etter svartedauden i 1349.

Ved slutten av mellomalderen var Havrå delt i to jamstore bruk. Kyrkja åtte det eine, jordeigande bønder det andre. Dei fleste av brukarane var leigendingar fram til år 1700. For eitt av bruka varte leigendingstida heilt til 1878.

Grensa gjekk frå den gamle bøgarden og ned til fjorden. Dei to bruka hadde bøen sin samla, men det vestlege bruket hadde også åkrar på austsida. Der låg den beste åkerjorda.

Ei rettferdig fordeling av den gode

jorda var prinsippet ved alle seinare bruksdelingar. Dette ligg bak det mønsteret som etter kvart voks fram, med 8–12 innmarksteigar på kvart bruk. Alt på 1600-talet var Havrå delt i åtte jamstore bruk. På midten av 1800-talet var det 9 bruk på garden, men i 1907 vart det eine bruket delt på fem av dei andre. I år 1900 budde det 60 menneske i tunet. □



Brakeløe på Havrå.

KLYNGJETUNET

Det vestnorske klyngjetunet, med mange brukarar i same tun, er ei busetnadsform som har sett sitt preg på kulturlandskapet heilt fram til andre halvdel av 1800-talet. Då byrja dei store jordreformene som førte til utskifting av jorda og ei oppløysing av teigblandinga og det gamle tunet. Framveksten av dei store fellestuna har samanheng med folkeauken etter mellomalderen. Gardane vart delte for å gje plass til fleire brukarar.



Tingata gjennom Havråtunet.